



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
hfk@hfk.no

Dato : 26.07.2016

FYLLINGSNES FISK AS OG EIDE FJORDBRUK AS. SØKNAD OM UTVIDING FRÅ 3120 TONN MTB TIL 4680 TONN MTB PÅ LOKALITET NR 26295 LANGØY I LINDÅS KOMMUNE.

På lokalitet Langøy har Fyllingsnes Fisk AS og Eide Fjordbruk AS i dag ein MTB på 3120 tonn for konsesjonane HK 32+33+63 samt HL 23+25+26+27 tilhøyrande Eide Fjordbruk AS samt konsesjonane HL 3+24 tilhøyrande Fyllingsnes Fisk AS. I tillegg er det gjeve løyve for samlokalisering med konsesjonane HJ 3 og HK 40 tilhøyrande Bremnes Seashore AS samt konsesjonen HO 5 tilhøyrande Ewos Innovation AS. Me ynskjer å søkje om ei utviding av anlegget med 1560 tonn MTB opp til 4680 tonn MTB. Utviding av MTB på lokaliteten er tenkt innanfor dagens godkjente anleggskonfigurasjon, som også ligg innanfor dagens godkjente AK-område i Lindås kommune sin kommuneplan for perioden 2011 – 2023.

Den omsøkte lokaliteten er vist på vedlagte utsnitt av sjøkart og andre kartvedlegg i rapporten til Rådgivende Biologer AS (rapport nr 2282). Drifta vil føregå i eit nytt, rømmingssikkert og miljøvenleg ringanlegg med god plass til fisken. Det er god innbyrdes avstand mellom merdane på lokaliteten. Langøy er ein straumsterk lokalitet med god vassutskifting i kvar enkelt merd og god spreing av avsetningar frå anlegget.

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå oss gjennomført ei vurdering av den omsøkte oppdrettslokaliteten basert på kartstudiar, tidlegare straummålingar, miljøgranskingar (B- og C-granskingar) og kjennskap til tilsvarende oppdrettslokalitetar. I rapport 2282 føreligg det ei område- og lokalitetsskildring med verdivurdering og vurdering av verknader og konsekvensar for miljø ved ei utviding basert på undersøkingar på og rundt lokaliteten og i resipienten. Det er og gjort ei vurdering av verknader og konsekvens for biomangfald, naturressursar og samfunnsinteresser. Det også er lagt ved ei skisse med tekstdel som viser plasseringa av dagens godkjente anlegg med fortøyingar (målestokk ca 1:21.000). Utvidinga av produksjonen skal skje innanfor dagens godkjente anleggskonfigurasjon.

Det er gjort straummålingar, B-granskingar på den omsøkte utvida lokaliteten samt og C-gransking i resipienten, som syner at lokaliteten er godt eigna til oppdrettsverksemd, med gunstig habitat for gravande botndyr og gode tilhøve for vassutskifting i merdane.

Eide Fjordbruk AS, Eidestøa, 5640 Eikelandsosen – Tlf 56585200 – E-post: post@efb.no



Me vonar på ei snarleg og positiv handsaming av denne søknaden.

Vedlagt følgjer for lokaliteten ved Langøy:

- Utfylt søknadsskjema, eit for Fyllingsnes Fisk AS og eit for Eide Fjordbruk AS
- kvittering for betalt gebyr for utviding av lokalitets MTB-en på Langøy (Kr 24 000)
- Rapport nr 2196: B-gransking Langøy 2016.
- Rapport nr 2279: Straummåling på lokaliteten Langøy.
- Rapport nr 2281: C- og strandsonegransking ved lokaliteten Langøy.

I rapport nr 2282 frå Rådgivende Biologer AS som gjeld utvidingssøknaden så finn ein:

- Område- og lokalitetsskildding
- Djupnetilhøve i sjøområdet på og rundt lokaliteten
- Plassering av det godkjente anlegget med fortøyingsplan (M= ca 1 : 21 000). Andre kartvedlegg etterspurt i søknadsskjema (kystsoneplankart, kart i N-5 serie, mv.) er i praksis dekkja inn av føreliggjande figurar i denne rapporten.
- Vurdering av verknader og konsekvensar for miljø, naturressursar og Samfunnsinteresser

Ein har også lagt ved:

- Beredskapsplanar for anlegget
- Helsefråsegn for dei to siste utsetta
- Dokumentasjon av IK systemet

Då anleggskonfigurasjonen allereie er godkjent og ikkje skal endrast ved denne søknaden, har ein ikkje lagt ved noko anleggsskisse i målstokk ca. 1:1000.

Når det gjeld behovet for ytterlegare konsekvensutgreiing i denne konkrete saka, meiner vi at denne saka er tilstrekkeleg opplyst og ikkje treng noko vidare konsekvensutgreiing. I høve til Forskrift om konsekvensutredningar for tiltak etter sektorlover av 1. januar 2015 er det omsøkte tiltaket eit Vedlegg II tiltak som skal handsamast etter § 3 i nemnde forskrift. I høve til § 3 i forskrifta kan ansvarleg mynde krevje at tiltakshavar bidreg med naudsynte opplysningar før søknaden vert sendt på høyring dersom ansvarleg mynde meiner at søknaden ikkje gjev eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere om tiltaket kan få vesentlege verknader. Ved dette høvet stettar søknaden dei krav som gjeld for søknader om oppdrettslokalitetar i sjø, og den omsøkte utvida lokalitets MTB-en er middels høg. Det er soleis lite truleg at dette omsøkte tiltaket kan få vesentlege verknader på miljø, biologisk mangfald og samfunn, og me vurderer det slik at denne saka treng ikkje noko ytterlegare konsekvensutgreiing.

Eide Fjordbruk AS, Eidestøa, 5640 Eikelandsosen – Tlf 56585200 – E-post: post@efb.no



Vår erfaring er at lokalitet Langøy er svært godt eigna for matproduksjon og me har oppnådd svært gode biologiske resultat på lokaliteten. Ekstremt god tilvekst, god fiskehelse og god fôrutnytting. Vedlagte dokumentasjon til søknaden vår viser at lokaliteten har god kapasitet for ei MTB utviding på 1560 tonn.

Me vonar på ei snarleg handsaming av vår søknad.

Vennlig helsing
Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS

Sondre Eide

Sondre Eide
Assisterande dagleg leiar
sondre.eide@efb.no